På PO 1 "Sentraladministrasjon og fellesutgifter/-inntekter" kjem det største avviket på introduksjonsordninga (flyktningar). Slik det ser ut no vil denne posten (inkl. arbeidsgjevaravgift) få eit meirforbruk på om lag kr 400.000 (frå kr 1.850.000 til kr 2.215.000 pluss arbeidsgjevaravgift). Dette skuldast fleire tilhøve. I ettertid ser vi at posten (for første gong) er underbudsjettert. Dei siste åra har vi teke i mot mange einslege vaksne flyktningar (som alle skal fylgje introduksjonsordninga, i motsetnad til born som vert integrert via barnehage og skule på meir "ordinær" måte). I tillegg har vi hatt eit "etterslep" på den måten at nokre flyktningar har hatt utsetting på å delta i introduksjonsordninga og at dette har "hopa seg opp" til i år. Dei som deltek på introduksjonsordninga får ein introduksjonsstønad ("løn") på 2 G (brutto kr 12.147 pr. månad ÷ skatt, for dei under 25 år utan familie er introduksjonsstønaden 2/3 G, kr 8.098 pr. månad ÷ skatt). G = Folketrygda sitt grunnbeløp. Høgdinga på introduksjonsordninga utgjer 2,5 deltakar (30 "månadsverk" på "høg" sats).

På IT (ansvar 112) vert det eit meirforbruk på om lag kr 100.000 (frå kr 2.200.000 til kr 2.300.000) grunna driftskonsekvensar av ny programvare.

Desse to tilhøve indikerar eit meirforbruk på **PO 1** på kr 500.000.

På PO 3 "Helse og omsorg" ser det ut til at sosiale tenester går mot eit meirforbruk på om lag kr 400.000. Dette skuldast først og fremst økonomisk sosialhjelp og støttekontakt og noko på avlastning. Grunnen til dette er auka etterspurnad etter tenestene kombinert med at budsjettet i utgangspunktet var sett vel lågt. Heile ansvar 320 "Sosiale tenester" (inkl. kommunens del av NAV) vil då auke frå kr 5.845.000 til kr 6.245.000. Av dette utgjer teneste 2810 "Økonomisk sosialhjelp" kr 1.850.000 (netto), i opphavleg budsjett kr 1.600.000 (netto).

På teneste for funksjonshemma har vi budsjettet med ei inntekt på kr 292.000 i statstilskot for såkalla ressurskrevjande tenester. For 2009 hadde vi budsjettet med kr 139.000 og fekk ingenting. Dette skuldast endring i retningslinene. Det er grunn til å tru at vi heller ikkje vil få noko for 2010.

På teneste for psykisk helse har vi fått ei ny sak som ser ut til å koste om lag kr 885.000 i 2010 (oppstart medio april). Dette er ein nettokostnad etter at eigenbetaling og statstilskot til ressurskrevjande tenester er trekt frå. Kr 239.000 av denne kostnaden kan vurderast dekt av eit bunde driftstilskot (til psykisk helse). Vi sit då att med eit udekt beløp på kr 646.000.

Når det gjeld positive avvik ser det ut til at barnevern kan bli kr 300.000 lågare enn budsjettet (frå kr 3.665.000 til kr 3.365.000). Dette vil i så fall vere i tråd med rekneskapen for 2009 som viste eit mindreforbruk på kr 313.000. På helsetenester har inntektsida på legekontoret hatt ei positiv utvikling som kan gje om lag kr 150.000 i meirinntekter. Samla inntekter på teneste 2410 "Diagnose, behandling, rehabilitering – Legeteneste" vil då bli kr 2.645.000.

Samla sett ser det ut til at **PO 3** går mot eit meirforbruk på kr 888.000, eller om lag kr 900.000.

På **PO 4** "Kultur og næring" vert det på næring rapportert om eit forventa meirforbruk på om lag kr 50.000. Dette gjeld utgifter til vedlikehald av turistinformasjonsavtaler og åjourhald av "nappekarta" i desse. Desse utgiftene vart ikkje betalt i 2009 og vart òg utegløymd i budsjettet for 2010. I 2010 får vi dermed dobbelt utgift à kr 17.500 = kr 35.000. I tillegg vert det noko høgare kostnad til kurs/seminar (om lag kr 10.000), bl.a. til "omdømeskulen" (stadsutvikling) i regi av Kommunal- og regionaldepartementet.

På ansvar 180 "Skattar, rammetilskot m.m." vil eigedomsskatten (frå "verk og bruk") bli kr 160.000 høgare enn budsjettet (frå kr 7.565.000 til kr 7.725.000), medan konsesjonskraftinntektene vil bli kr 78.000 lågare (frå kr 5.917.000 til kr 5.839.000).

Ansvar 180 vil då gje om lag kr 80.000 i meirinntekter.

På **ansvar 190** "Renter, avdrag og bruk av netto driftsresultat" ser det ut til at renteinntekter på bankinnskot vil bli om lag kr 200.000 lågare enn budsjettet (frå kr 650.000 til kr 450.000), men dette kan truleg "utliknast" ved at renteutgiftene (på innlåna våre) kan bli om lag tilsvarande lågare (frå kr 7.848.000 til kr 7.648.000).

Oppsummering:

PO/Ansvar	Meirforbruk	Mindreforbruk
PO 1	500 000	0
PO 3	900 000	0
PO 4	50 000	0
Ansvar 180	0	80 000

Sum	1 450 000	80 000
Meirforbruk	1 370 000	

Rådmannen gjer merksam på at ein ved denne budsjettkontrollen først og fremst har vurdert ein del større postar som erfaringsmessig har "potensiale" til større avvik. Administrasjonen har ikkje hatt tid til å foreta ein grundigare gjennomgang av alle store og små einskildpostar. Eit stipulert meirforbruk på kr 1.370.000 er dermed ikkje like presist som det kan sjå ut. Hovudkonklusjonen er at det ser ut til å vanskeleg å halde budsjettrammene, primært på PO 3 og på introduksjonsordninga.

I opphavleg budsjett for 2010 er det brukt kr 2.408.000 av disposisjonsfondet til generell saldering av driftsbudsjettet. I kommunestyresak 15/10, 18.02.2010 "Vedtak om auka tenesteomfang, - økonomiske konsekvensar" (på teneste for funksjonshemma) vart det brukt kr 370.000. Budsjettert bruk av disposisjonsfondet i 2010 er dermed kr 2.778.000. Pr. 31.12.2009 var disposisjonsfondet på kr 5.905.000 (året før var det på kr 9.684.000). Fråtrekt budsjettert bruk i 2010 på kr 2.778.000 og tillagt mindreforbruket på rekneskapen i 2009 på kr 1.393.000, vil disposisjonsfondet vere på kr 4.520.000 pr. 31.12.2010.

Rådmannen vil ikkje tilrå å budsjetterte meir bruk av disposisjonsfondet no. Sjølv om budsjettkontrollen indikerar eit meirforbruk i 2010 på kr 1.320.000, legg likevel rådmannen til grunn at programområda så lagt råd er, innanfor ramma av eit forsvarleg aktivitets- og tenestetilbod, må arbeide for å halde vedteken budsjettramme.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet/økonomiutvalet tek budsjettkontroll/økonomisk oversyn pr. 14.05.2010 for driftsbudsjettet til vitande.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 27.05.2010

Økonomisjefen gav ein orientering om status der han gjorde greie for at det er nytta kr 200.000,- frå disposisjonsfondet etter vedtak. Dette går ikkje fram av saksutgreiinga. Disposisjonsfondet vil derfor vera på kr 4.320.000,- pr 31.12.2010 og ikkje 4.520.000,- slik det går fram av saksutgreiinga.

Rådmannens framlegg, med justering av disposisjonsfondet, vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 27.05.2010

Formannskapet/økonomiutvalet tek budsjettkontroll/økonomisk oversyn pr. 14.05.2010 for driftsbudsjettet til vitande.

Utskrift til:

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	34/10	27.05.2010
Kommunestyret	32/10	10.06.2010

Årsmelding 2009 for Seljord kommune**Saksdokument:****Vedlegg:**

1 Årsmelding for Seljord kommune 2009

Saksutgreiing:

Rådmannen legg fram årsmelding for Seljord kommune for året 2009.

Årsmeldinga er rådmannen si melding til formannskap og kommunestyret om den kommunale verksemda i 2009. Aktiviteten i 2009 har i stort vert i samsvar med den som ble bestemt i budsjettet med tilhørande revideringer.

Netto driftsresultat ligger lågare enn det som anbefalt for kommunal verksemd. Dette tydar på at kommunen leverar eit nivå på tenesteproduksjonen som ligg noko høgare enn kva inntektene gir grunnlag for. Det må etablerast ein god driftsbalanse så raskt som mogleg.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:

"Formannskapet rår kommunestyret til å godkjenne årsmelding for Seljord kommune 2009 slik den ligg føre."

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 27.05.2010


Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 27.05.2010

"Formannskapet rår kommunestyret til å godkjenne årsmelding for Seljord kommune 2009 slik den ligg føre."

Utskrift til:

Seljord kommune



Årsmelding 2009

Seljord mars 2010

Innhold

1 Forord	3
2 Generelle økonomiske hovudtal	4
3 Investeringar	7
4 Måloppnaing	9
5 Programområde 1 – Sentraladministrasjonen og fellesutgiftar	11
6 Programområde 2 – Undervisning	14
7 Programområde 3 – Helse og omsorg	27
8 Programområde 4 – Kultur og næring	39
9 Programområde 5 – Teknisk	53
10 Statistikk.....	58
11 Medlemmer av politiske organ.....	60
12 Saker til handsaming – Kommunestyret 2009.....	62

1 Forord

Årsmeldinga er rådmannen si melding til kommunestyret om kommunen si verksemd i 2009. Årsmeldinga byggjer i stor grad på rapportar frå ansvarlege for dei ulike programområda.

Meldinga tek for seg hovudlinene i den einskilde avdeling. Aktiviteten i 2009 har vore om lag som lagt opp til i årsbudsjett for 2009/økonomiplan 2009-2010.

Året 2009 viser i høve til justert budsjett eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) i driftsrekneskapen på kr 1.393.000. og eit udisponert beløp (overskot) i investeringsrekneskapen på kr 249.000. Netto driftsresultat er negativt med 0,35 % noko som tilsvarar kr 689.000.

Det er planlagt med et negativt driftsresultat for store delar av økonomiplanperioden, for å halde eit ”konstant tenestenivå”. Dette er mogleg da tidlegare positive netto driftsresultat har etablert ein ”buffer”.

Seljord kommune har fylgjande overordna mål:

”Seljord kommune skal vera eit samfunn i vekst og utvikling, som er bevisst kvalitetane sine og brukar dei for å styrke lokalsamfunnet slik at kommunen blir ein endå betre stad å bu, arbeide og besøke.”

Tenesta innanfor alle programområda har stort sett vært gjennomført som planlagt i 2009. Det er fleire teken i 2009 som tydar på at programområde 3 (Helse og omsorg) vil få vesentlege utfordringar i tida som kjem. Samhandlingsreforma er eit godt døme på dette.

Næringslivet og frivillige organisasjonar er svært viktige samarbeidspartar for kommunen for å få løyst oppgåver. I samband med Dyrsku'n og festivalane hentar lag og organisasjonar mykje av sitt inntektsgrunnlag. Det er viktig at dette gode samarbeidet hel fram.

Kravet til både tilsette og politikarane er stort og aukande. Det gode samarbeidet mellom politikare og administrasjon er eit kriterium for suksess. Det er også viktig med det gode tilhøvet til arbeidstakarorganisasjonane held fram.

Det er investert mykje i infrastruktur i dei seinaste åra. Dette har ført til at det i 2009 er ein godt utbygd infrastruktur spesielt innan helse og sosial området, men også i barnehage og skulesektoren. Prosjekt Seljor og sogene har vært med på å utvikle Seljord til ein meir attraktiv stad. Det er mindre økonomisk rom for store investeringar i dei nærmaste åra. Det er derfor viktig og vedlikehalde og vidareutvikle den gode infrastrukturen, slik at det gode nivået haldast oppe.

Næringslivet er ein viktig ”motor” i utviklinga av Seljord. For å legge eit grunnlag for vidare utvikling og vekst i Seljord blei det i 2009 tatt initiativ til å lage ein ny kommunedelplan for Seljord sentrum. Dette arbeidet vil få prioritert i 2010 og ha fokus på utvikling av næring, kultur og bustader.

Per Dehli
Rådmann
Seljord kommune

2 Generelle økonomiske hovudtal

Rådmannen tek her berre med nokre hovudtrekk i den økonomiske situasjonen. Økonomisjefen sin årsrapport inneholder ei meir grundig omtale av den økonomiske situasjonen.

Seljord kommune hadde i 2009 ei driftsomsetning på 204 millionar kronar inkl. renteinntekter, utbyte og mottekne avdrag.

Lønsutgiftene, inkl. Sosiale utgifter – ekskl. Køyre- og kostgodtgjersle, telefongodtgjersle og andre oppgåvepliktige godtgjersler utgjorde i 2009 67,8 % av driftsutgiftene ekskl. renter, avdrag og avskrivingar. I 2008 utgjorde lønsutgiftene 68,6 %, i 2007 70,1 % og i 2006 68,6 %.

Skatteinngangen i 2009 viste auke på kr 5.875.000 eller 10,8 % i høve til 2008. For landet samla sett var skatteveksten fra 2008 til 2009 på 5,9 %. Den gode skatteinngangen i 2009 har ei ”bakside”; inntektsutjamninga (som ein del av det statlege rammetilskotet) gjekk ned med kr 3.363.000 (frå 5.962.000 i 2008 til kr 2.563.000 i 2009). Samla sett vart skatteinngang (inkl. naturressursskatt) og inntektsutjamning kr 62.794.000, noko som er kr 424.000 (0,7 %) lågare enn opphavleg budsjett på kr 63.218.000.

Fondskapitalen ved utgangen av 2009 er på kr 20.814.000. Det er kr 6.283.000 på ulike disposisjonsfond. Eigenkapitalen ved investeringar er på 13,3 %.

2.1 Rekneskapsmessig resultat

Året 2009 viser i høve til justert budsjett eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) i driftsrekneskapen på kr 1.393.000 og eit udisponert beløp (overskot) i investeringsrekneskapen på kr 249.000.

2.2 Netto driftsresultat


Netto driftsresultat blei negativt i 2009 med kr 689.000. I 2008 var netto driftsresultat positivt med kr 1.824.000, i 2007 var det positivt med kr 8.861.000 og i 2006 positivt med kr 3.995.000.

Netto driftsresultat er driftsinntekter (inkl. ordinære rente- og avdragsinntekter) – driftsutgifter (inkl. ordinære rente- og avdragsutgifter). Netto driftsresultat kan samanliknast med ”resultat før årsoppgjør” i eit privat selskap.

2.3 Netto resultatgrad

Netto driftsresultat viser kva som er igjen av driftsinntektene (inkl. rente- og avdragsinntekter) når dei ordinære driftsutgiftene inkludert renter og avdrag er betalt. Netto driftsresultat vert og kalla ”overskot disponibelt til eigenkapital på investeringar og avsetjingar (sparing)”. Netto resultatgrad er netto driftsresultat rekna i prosent av sum driftsinntekter.

I høve til driftsinntektene har Seljord kommune i 2009 ein netto resultatgrad på -0,3 %. I 2008 var netto resultatgrad på 1,0 %.



Figuren viser utvikling av netto resultatgrad frå 1991 til 2009.

Ein ”tommelfingerregel” for netto resultatgrad anbefalt av KS er 3%. Gjennomsnittet for kommunane i Noreg utan Oslo har frå 1991 til 2009 er på 2,64%. For Seljord kommune er gjennomsnittet i same periode 0,9%. Skulle Seljord kommune hatt eit netto driftsresultat på 3 %, i 2009 måtte netto driftsresultat vore på kr 5.972.000. Netto driftsresultat for 2009 er negativt med kr 689.000, det er kr 6.661.000 lågare enn kva ”tommelfingerregelen” tilseier. Rådmannen har som målsetting og gradvis betre netto resultatgrad.

2.4 Eigenkapitalfinansieringsgrad

Eigenkapitalfinansieringsgrad viser i kor stor grad kommunen dekkjer finansieringsbehovet (av investeringar i investeringsrekneskapen) med eigenkapital.

Seljord kommune har ein eigenkapitalfinansieringsgrad på 13,3 % i 2009. I 2008 var talet 5,1% og i 2007 13,2% (korrigera for ansvarleg lån til Vest-Telemark kraftlag A/S). I 2006 var talet 4,6%.

Dette viser at kommunen stort sett er avhengig av å finansiere investeringar med tilskot/refusjonar og/eller med låneopptak.

2.5 Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen i 2009 har eit udisponert beløp på kr 249.000. Samla meirforbruk / underfinansiering er på kr 759.000, mens samla meirinntekter / overfinansiering er på kr 1.008.000.

Dei største postane når det gjeld meirutgift / underfinansiering er:

Helsecenteret, der det er ein underfinansiering på kr 214.000 som i hovudsak skuldast mva.kompensasjon. Utlån representerar ein meirutgift på kr 203.000 og skuldast høgare utlån, kombinert med lågare avdragsinntekter på utlån. Heddeli barnehage blei kr 95.000 dyrare enn forventa. Tomtesal er ein viktig faktor som kompenserar for meirutgiftar / underfinansiering og som gjer eit positivt resultat i investeringsrekneskapen.

2.6 Lån

Lånegjelda auka frå kr 199.421.000 i 2008 til kr 202.041.000 i 2009. Lånegjelda auka frå kr 68.062 pr. innbyggjar i 2008 til kr 68.119 pr innbyggjar i 2009.

2.7 Fond

I 2009 blei det bruka kr 7.789.000 av fond. Kr 12.238.000 vart sett av til fond. Netto fondsavsetning (netto sparing) blei dermed kr 4.449.000. Seljord kommune har ved utgangen av 2009 kr 20.814.000 på fond, dette er en auke på kr 4.449.000 frå 2008. Fordeling av fondskapitalen er som vist i tabell.

Fondstype i 1000 kr	Pr 31.12.09
Disposisjonsfond	6 283
Bundne driftsfond	6 095
Ubundne investeringsfond	4 019
Bundne investeringsfond	4 417
Sum	20 814

2.8 Likviditeten

Arbeidskapitalen (omløpsmidlar – kortsiktig gjeld) har auka frå kr 24.065.000 i 2008 til kr 25.554.000 i 2009. Dette er ein auke på kr 1.489.000.

Den korrigerte kontantmidelen er redusert med kr 7.206.000 frå 2008 til 2009 til tross for at arbeidskapital har auka. Nedgangen skuldast at ein større del av arbeidskapitalen er bunden i bundne drifts- og investeringsfond.

3 Investeringar

Det er i 2009 investert i anleggsmiddel for i alt kr 10.539.000.

Fylgjande tiltak har vært under arbeid i 2009:

Tussejuv Barnehage

Prosjektet blei ferdigstilt i 2009

Lager Flatdal skule

Prosjektet blei ferdigstilt i 2009

Heddeli barnehage, oppgradering

Prosjektet blei ferdigstilt i 2009

Rehabilitering ungdomsskulen, tak og vindauge

Helsesenter

Prosjektet blei avslutta i 2009

Moen utleigebustader

Prosjektet blei godkjent i 2009 med byggestart og avslutning i 2010.

Gravebremsen, påbygg personalrom

Prosjektet bli avslutta i 2009

Ballbingar (Åmotsdal, Flatdal og Seljord)

Ballbingane stod ferdig i 2009

Seljord og sogene

Ingerid Slettens veg og gangveg mellom miljøsenteret og Granvin ferdigstilt

Rehabilitering symjehallen

Arbeid starta i 2009

Trafikktryggleikstiltak

Gateljos og fortau

Vegnamn – skilting

Gang- og sykkelveg i Åmotsdal

Avslutta i 2009

Bustadområde Storgård

Bustadområde Sundbøhaugen

Kjøp av eideom Nes Nordre

Næringsområde Bergemoen

Vassverk (Ny brønn Eventyrøy)

Ledningsnett på Mosasida og Kastet – Enkegata

Ledningsanlegg på Bjørgesida

Utsatt på grunn av arbeid med vassverk

Flatdal renseanlegg, oppgradering

Forbygging Bygdaråi

Renseanlegg Seljord, luktfjerning

Opparbeiding av Steinsrudvegen

4 Måloppnåing

4.1 Overordna mål

Seljord kommune har følgjande overordna mål:

Seljord kommune skal vere eit samfunn i vekst og utvikling, som er bevisst kvalitetane sine og brukar dei for å styrke lokalsamfunnet slik at kommunen blir ein endå betre stad å bu, arbeide og besøke.

4.2 Hovudmål

Hovudmål 1:

Seljord kommune skal vere ein god stad å bu og ein attraktiv tilflyttingsstad.

Folketalet har vist ein auke i 2008. Fødselsraten er også positiv for Seljord. Dei kommunale tenestene får lite kritikk frå innbyggjarane og dei tilsyn som vurderar Seljord kommune. I dei siste åra har det vert investert betydelig i det kommunale tenestetilbodet. Ny kommunedelplan for Seljord sentrum vil ta for seg problemstillinga rundt attraktive områder for bustadbygging.

Hovudmål 2:

Seljord kommune skal vere eit regionalt næringsenter og ein attraktiv lokaliseringsstad for næringsetableringar.

2009 har vært prega av at den globale økonomien har vore svak. Noe som har ført til ein lågare aktivitet i næringslivet generelt. I 2009 har det blitt satt i verk viktig arbeid for å fylge opp målsettinga i hovudmål 2. Ny kommunedelplan for Seljord sentrum er et virkemiddel for å vidareutvikle næringslivet mot 2020. .

Hovudmål 3:

Seljord kommune skal vere eit populært reisemål og ein stoppestad for besökande.

Dyrskuplassen og dei arrangementa som gjennomførast der trekker mange menneskjer til Seljord. Overnattingsbedrifter og campingplassar er godt besøkt i sesongen. Lien fjellgard blei tildelt fleire priser for sine gode kvalitetar i 2009. Granvin kulturhus, med sine arrangement, har vært godt besøkt i 2009. Prosjekt Seljord og sogene fortsetter å forbetre Seljord sin attraksjonsverdi. I 2009 blei den ”nye” Ingerid Slettens veg opna. Det har vært jobba med å få destinasjonsselskapet ”Møtestad Seljord” til å fungera slik som intensjonen var då selskapet blei starta.

Hovudmål 4:

Seljord kommune skal utvikle gode service- og tenestefunksjonar i samspel med innbyggjarane.

Det er etablert ulike brukarfora som blir informerte om kommunale tenestar og som kjem med innspel. I tillegg blir det i visse høve halde folkemøte. Brukarundersøkingar blir i mindre grad nytta. Det er lite klage på dei kommunale tenestene. Seljord kommune har inngått avtale med fylkeskommunen om ”Folkehelseprogrammet”. Denne avtala vil bli vidareutvikla i 2010.

Hovudmål 5:

Kommunen sin interne infrastruktur og organisasjonsutforming skal byggje opp under kommunen si rolle som serviceaktør.

Med m.a. bakgrunn i godt samspel mellom politisk og administrativt nivå i kommunen, god rekruttering av arbeidskraft, rask saksbehandling, tverrfagleg samarbeid synest målet i stor grad vera oppnådd. Dei politiske vedtaka blir fyldt opp i tråd med intensjonane. Det er vidareutvikla samarbeid med andre kommunar innom barnevern og brann/feiing.

Konklusjon:

Mange av måla er vanskeleg å måle i form av indikatorar. Måla er utforma som ”retningsliner” for dei kommunale tenestene.

Ved m.a. å vise til omtala under dei enkelte programområda og til opplysninga i ”Kostra” vil rådmannen hevde at arbeid og tiltak i 2009 har vore i tråd med målsettingane.

5 Programområde 1 – Sentraladministrasjonen og fellesutgiftar

5.1 Organisering og ansvarstilhøve

Programområdet omfattar det politiske apparatet og sentraladministrasjonen.

Politisk er kommunen organisera slik:

Kommunestyre, formannskap/økonomiutval, administrasjonsutval, utval for plan, miljø og teknisk/planutval, kultur- og næringsutval, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, kontrollutval og klagenemnd.

Formannskapet har det politiske ansvaret for fellesenester, økonomi, undervisning, helse og omsorg, flyktningar, samferdsel og skjenkesaker.

Utval for plan, miljø og teknisk har det politiske ansvaret for saker som kjem inn under plan- og bygningslova, deling, konsesjon, odel, jord- og skoglov og delar av VAR-området, miljø og forvaltning av kommunale bygg og eigedom.

Kultur- og næringsutvalet har det politiske ansvaret for næringssaker, landbruksutvikling, kultur, bibliotek, viltforvaltning og løyvesaker.

Sentraladministrasjonen omfattar rådmannskontoret med fellesenestene som sentralbord/resepsjon, informasjon, administrasjonsbygga, IKT-drift, personalforvaltning, flyktningarbeid, økonomiavdelinga og revisjonen.

Rådmannen og kommunalsjefane utgjer kommunen si administrative leiargruppe.

5.2 Møter/saker i 2008

Kommunestyret har hatt 6 møter og behandla 63 saker. I 2008 ble det behandla 64 saker i 9 møter og i 2007 ble det behandla 124 saker, 45 av desse i samanheng med konstituering og nye val i samband med ny kommunestyreperiode.

Formannskapet/økonomiutvalet har hatt 9 møter og behandla 75 saker. I 2008 ble det behandla 102 saker i 12 møter mens det i 2007 blei behandla 106 saker.

Plan. Miljø og teknisk utval har hatt 7 møter og behandla 105 saker. I 2008 ble det behandle 83 saker i 9 møter, mens det i 2007 blei behandla 103 saker.

Kultur og næringsutvalet har hatt 7 møter og behandla 30 saker. I 2008 ble det behandle 41 saker i 9 møter. Utvalet blei oppretta frå 1.11.2007.

Administrasjonsutvalet har hatt 4 møter og behandle 4 saker. I 2008 ble det behandle 8 saker i 4 møter, mens det i 2007 blei behandla 13 saker.

Eldrerådet har hatt 4 møter i 2009 og behandla 7 saker. I 2008 ble det behandle 8 saker i tre møter. I 2007 blei det behandle 11 saker.

Utval for menneske med nedsett funksjonsevne har hatt 4 møter i 2009 og behandla 6 saker. I 2008 blei det behandle 3 saker i 4 møter. I 2007 blei det behandle 2 saker.

Valstyret har hatt 3 møter i 2009 og behandla 6 sakar. I 2008 var det ikkje noko møte eller sakar. I 2007 blei det behandle 16 sakar.

Klagenemnda har hatt 2 møter i 2009 og behandla 2 saker. I 2008 blei det behandle ein klage i eit møte. I 2007 blei det behandle ein sak.

Kontrollutvalet har hatt 4 møter i 2009 og behandla 23 saker. I 2008 blei det behandle 20 saker i 5 møter. I 2007 blei det behandle 25 saker.

Arbeidsmiljøutvalet har hatt 4 møter i 2009 å behandla 8 saker. I 2008 blei det behandla 5 saker i 2 møter. I 2007 blei det behandla 9 saker. Utvalet er administrativt samansett.

5.3 Planar og tiltak/vedtak

Klima- og energiplan for Seljord kommune blei vedtatt.

Strategisk næringsplan for Seljord kommune blei vedtatt.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Seljord kommune blei vedtatt.

5.4 Organisering

Noverande administrativ organisering har fungera sidan hausten 2003. Ein evaluering skulle vert gjennomført i 2009. På grunn av skifta av rådmann er evalueringa utsett til 2010.

Den politiske organiseringa blei satt i verk frå 1.11.2007. Denne organiseringa bør evaluerast i god tid før kommunestyrevalet i 2011. Arbeidet bør starte i 2010.

5.5 Flyktningar

Seljord kommune har hatt problem med å oppnå målsetjinga om å busette 15 flyktningar. Dette skyldes i hovudsak mangel på bustader.

5.6 Likestilling

Fordelinga av tilsette i Seljord kommune, etter årsverk, er ca 80 % kvinner og ca 20 % menn. I rådmannen si leiargruppe er det 1 kvinne og to menn. Avdelingsleiarane fordeler seg med 65 % kvinner og 35 % menn.. Kommune har som målsetting å syte for best mogeleg likestilling mellom kjønna innafor alle arbeidsplassar i kommunen.

Ved tilsetjing skal det kjønn som er underrepresentert tilsetjast når kvalifikasjonane elles er like.

5.7 Etisk standard

Etikk er relevant på mange områder i Seljord kommune. Personellpolitiske retningslinjer omtalar etikk i eit eiga vedlegg med ”Etiske retningslinjer”.

For å handsamas med etiske problemstillingar i samband med økonomiske transaksjonar planlegg rådmannen å legge fram ein forvaltningsmodell for Seljord kommune. Eit medlemskap i større innkjøpssamarbeid vil også vera med på å sikre ein høg etisk standard.

5.8 Interkommunalt samarbeid

Seljord kommune har et utstrakt samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark. Dette samarbeidet koordinerast i stor grad gjennom Vest-Telemark rådet. Det har vert gjennomført 12 møter i Vest-Telemark rådet i 2009. Ordførar og rådmann møter på rådsmøtne.

5.9 Samhandlingsreforma

Kommunane i Vest-Telemark har gått saman med sjukehuset i telemark HF om å tilsette ein prosjektledar som skal arbeide med samhandlingsreforma. Det forventas mykje arbeid med denne reforma i tida framover.

5.10 Økonomi

5.10.1 Drifts- og finansutgifter

Ansvar	Rekneskap		Budsjett -	Rekneskap	Avvik (%) R
	08	09 (justert)	09	09/B 09	
100 Folkevalde	1 787	1 748	1 631	6,7 %	
101 Kontrollorgan m.m.	603	691	645	6,7 %	
110 Rådmannskontor og fellesstenester	9 880	10 685	11 633	-8,9 %	
111 Økonomiavdelingen	2 414	2 400	2 501	-4,2 %	
112 IT	2 664	2 873	3 192	-11,1 %	
113 Telefon	709	685	676	1,3 %	
114 Forsikringer	1 129	1 079	1 223	-13,3 %	
115 Administrasjonslokaler	656	693	759	-9,5 %	
120 Fellesstenester (sentralbord)	527	450	481	-6,9 %	
130 Kyrkjeloge føremål	2 690	3 417	3 427	-0,3 %	
150 Tilleggsløyvingar	0	15	0	100,0 %	
180 Skattar og rammetilskot m.m.	1 631	1 812	1 791	1,2 %	
190 Renter, avdrag og bruk av netto driftsresultat	15 279	14 456	14 398	0,4 %	
199 Avskrivningar	7 492	8 443	8 836	-4,7 %	
Sum	47 461	49 447	51 193	-3,5 %	

5.10.2 Drifts- og finansinntekter

Ansvar	Rekneskap		Budsjett -	Rekneskap	Avvik (%) R
	08	09 (justert)	09	09/B 09	
100 Folkevalde	7	7	17	-142,9 %	
101 Kontrollorgan m.m.	11	11	25	-127,3 %	
110 Rådmannskontor og fellesstenester	1 500	955	1 705	-78,5 %	
111 Økonomiavdelingen	228	114	224	-96,5 %	
112 IT	572	604	781	-29,3 %	
113 Telefon	167	135	159	-17,8 %	
114 Forsikringer	82	22	87	-295,5 %	
115 Administrasjonslokaler	284	317	389	-22,7 %	
120 Fellesstenester (sentralbord)					
130 Kyrkjeloge føremål		437	437		
150 Tilleggsløyvingar					
180 Skattar og rammetilskot m.m.	119 664	128 454	128 670	-0,2 %	
190 Renter, avdrag og bruk av netto driftsresultat	5 987	5 239	5 242	-0,1 %	
199 Avskrivningar	7 492	8 443	8 836	-4,7 %	
Sum	135 994	144 738	146 572	-1,3 %	

6 Programområde 2 – Undervisning

6.1 ORGANISERING OG ARBEIDSTILHØVE

Undervisningssektoren har i 2009 hatt grunnskule, barnehage, skulefritidsordning, kulturskule og vaksenopplæring som hovudarbeidsområde.

Formannskap og kommunestyre har det politiske ansvaret for undervisningssektoren.

Det overordna administrative ansvaret er lagt til kommuneadministrasjonen, der ein av kommunalsjefane har det skulefaglege ansvaret på vegne av rådmannen.

6.2 KORT OMTALE AV PROGRAMOMRÅDET

Innanfor **grunnskule**området er det 4 skular, 3 barneskular og 1 ungdomsskule.

Kvar av skulane har rektor, og i tillegg er det assisterande rektor ved Seljord barneskule og ved Seljord ungdomsskule. Ved Seljord barneskule var det skifte av rektor, da Ronde Schade gikk over i stilling som ny kommunalsjef etter Oddvar Halleråker. Assisterande rektor Ingunn Flatland tok over ansvaret som rektor på barneskulen, medan Brit Merete Funner tok over som ny assisterande rektor.

Det er **skulefritidsordning** knytt til Seljord barneskule og Flatdal skule, der rektor har det administrative ansvaret. Skulefritidsordninga i Seljord har i tillegg pedagogisk leiar.

I Åmotsdal har ein skulefritidsordning med styrar i barnehagen som ansvarleg. Det er ynskjeleg å organisere ordninga med rektor ved skulen som ansvarleg leiar, slik som ved dei andre skulane.

Det er 4 **barnehagar** i kommunen, kvar med eigen styrar.

Ved utgangen av 2009 er me halvvegs inne i det 2. barnehageåret i den nye barnehagen, Tussejuv. Frå hausten 2009 med nytt barnehageår og ny alderssamansetning i barnegruppene. Styrar i Åmotsdal barnehage, Hilde Laila Dyrland, er innvilga eitt års permisjon fram til oktober 2010. Ny styrar er Ann Christin Freberg.

Kulturskulen har eigen rektor. Undervisninga blir i hovudsak dekkja av eigne lærarkrefter. Tilbodet i kulturskulen har vore desentralisert, med undervisning i Åmotsdal og Flatdal i tillegg til i Seljord sentrum.

Vaksenopplæringa er organisert som eiga eining, og har ansvar for undervisning i norsk med samfunnskunnskap for framandspråklege.

Ansvaret for undervisning av vaksne psykisk utviklingshemma er lagt til teneste for funksjonshemma.

Den einskilde avdeling innan sektoren har *delegert omfattande* myndigkeit.

Styring av sektoren har mellom anna blitt gjennomført ved hjelp av eit systematisk samarbeidsmønster der ein fast møtestruktur og ein planmessig kommunikasjon er sentrale element.

6.3 VIKTIGE ARBEIDSOMRÅDE I 2009

PLAN- OG UTVIKLINGSARBEID

Følgjande planar, vedtekter og retningslinjer har blitt arbeidd med eller rullert i 2009:

- Kunnskapsløftet –plan for kompetanseutvikling i grunnskulen i Seljord.
- Lokal kulturplan for grunnskulen – ”Kultur i skulen”.
- Verksamhetsplan for grunnskulen i Seljord kommune 2009/2010.
- Fag- og timefordelingsplan for grunnskulen i Seljord.
- Vedtekter for SFO.
- Vedtekter for barnehagane i Seljord.
- Lokal rammeplan for barnehagane.
- Plan for kompetanseutvikling i barnehagesektoren i Seljord.
- System for tilsyn og kvalitetsvurdering i barnehagane.
- Retningslinjer for faste vikarstillingar i barnehagen.

I tillegg er det utarbeidd ei rekke planar i den einskilde avdeling i tilknyting til ulike arbeidsområde.

Prosjekt og utviklingsarbeid;

- Plan for lese- og skriveopplæring i grunnskulen.
- Oppfølging av ”Systematisk språkstimulering i barnehagane i Seljord”.
- Samarbeidsprosjekt i Vest-Telemark om ”Vaksenrolla i barnehagen” blei avslutta med studietur til Stockholm.
- ”Fiskesprellprosjekt” der alle barnehagane deltok.

Også i 2009 har implementering av Kunnskapsløftet i grunnskulen og ny rammeplan i barnehagen vore eit overordna arbeidsområde.

I samarbeid med og gjennom økonomisk støtte av spelemidlar frå fylkeskommunen, har kommunen deltatt i ”Den kulturelle skulesekken”. Saman med Kulturskatten gjev dette elevane i Seljord tilgang til kunst og kulturopplevingar både på nasjonalt og lokalt nivå.

OVERSYN OVER SATSINGSOMRÅDE OG PROSJEKTARBEID.

Nedanfor er det gitt eit oversyn over ein del av dei områda det har blitt arbeidd spesielt med innanfor ulike avdelingar i 2009.

Grunnskulen:

- Tilpassa opplæring.
- IKT med bruk av Fronter som digital læringsplattform og innføring av elektronisk kartlegging i kjernefaga norsk, engelsk og matematikk.
- Lesing og lesestimulering.
- Lese- og skriveopplæring.
- Skulen som lærande organisasjon.
- Sosiale aktivitetar.
- Ekskursjonar inkludert tur med ”Kvite Bussar”.
- Samarbeid med lokalt kunstmiljø.
- Samarbeid med lokalt næringsliv.
- Musikkprosjekt i samarbeid med Kulturskulen.
- Fysisk aktivitet.
- Uteskule.
- Skodespelet ”Langs Skarsvegen” ved elevar på Åmotsdal skule. Vist for om lag 300 tilskodarar.
- Sosial kompetanse med fokus på sjølvdisiplin.
- Lokal identitet.
- Samarbeid heim – skule.
- Ulike sosiale tiltak.
- Særskilde prosjekt.

Barnehagen:

- Implementering av revidert rammeplan.
- Oppfølging av språkprosjekt og vaksenrolleprosjekt.
- Samarbeid med eldreibestyrk.
- Etablering av ny stor barnehage - Tussejuv.
- Utviding av Heddeli barnehage.
- Kompetanseheving.
- Bli kjent i bygda vår.
- Fagområda i rammeplanen.
- Utvikling av sosial kompetanse.
- Samarbeid med skulen.
- Bruk av og samarbeid med nærmiljøet.

Kulturskulen:

- Omfattande konsertverksemnd.
- Folkemusikksatsing.
- Prosjekt- og lærarsamarbeid med skulane.
- Tilbod til vaksne.
- Etablering på Granvin.

Vaksenopplæringa:

- Tilrettelegging av individuelt tilpassa undervisningsopplegg.
 - Etablering av gode språk- og arbeidspraksisplassar.
-

NÆRARE OMTALE AV NOKRE SATSINGSOMRÅDE.

1. TPO-prosjekt i samarbeid med Sørlandet Kompetancesenter.

TPO-prosjektet blei formelt avslutta med ein rapport utarbeidd av pedagogisk konsulent Tone Bøhn. Arbeidet med rapporten tok ekstra tid grunna sjukdom og utskifting av kommunalsjef og rektor i arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa var samde i at prosjektet har ført til positive endringar i kvardagen på skulane, og det er vilje til å vidareføre sentrale element av prosjektet blant skuleleiing og lærarane.

2. Plan for lese- og skriveopplæring.

Arbeidet med plan for lese- og skriveopplæring byrja i slutten av 2007. Arbeidet er fullført på barnetrinnet og blir no vidareført med representantar frå ungdomsskulen og logoped Mari Søgaard. Pedagogisk konsulent Tone Bøhn koordinerer arbeidet.

Når arbeidet for ungdomsskulen er ferdig i løpet av 2010 vil vi ha ein plan som er del av ein perm med teori og oversikt over materiell, verktøy og lese- og skrivemetodikk, frå barnehage til 10. trinn. Logoped Mari Søgaard har og deltatt i ei arbeidsgruppe på fylkesnivå som arbeider med strategiar for norskfaget.

3. Satsing på IKT og bruk av Fronter ved Seljord ungdomsskule.

Skulen satsar på å bruke og lære elevane å bruke datamaskinar på ein god måte. Frå sentrale styresmakter blir det lagt opp til at elevane skal bruke datamaskinar, t.d. i samband med elevundersøkinga, obligatoriske kartleggingsprøver, eksamen og ved inntak til vidaregåande skular. I Kunnskapsløftet er bruk av digitale verktøy definert som ein basisferdighet på linje med å skrive, lese og rekne. Bruken av datamaskiner og særleg Fronter har vore ei prioritert satsing på ungdomsskulen i 2009. Skulen har om lag 20 stasjonære maskiner til elevbruk og om lag 30 berbare. Me har såleis nokså god dekning når det gjeld elevmaskiner. Lærarane har også individuelle, berbare maskiner. Alle elevar får ein time dataopplæring i veka i 8. klasse. I alle fag blir datamaskiner nytta som verktøy, men sjølvsagt i noko ulikt omfang og på ulike måtar.

Dette har me lukkast godt med:

- God maskindekking (maskiner per elev og lærar)
- Velfungerande og effektivt både mellom lærarar-lærar og mellom lærar-elev
- Lærarane har vore flinke til å ta Fronter i bruk på ein elevretta måte

Dette har vore problematisk:

Til dels ustabil og til tider dårlig kapasitet på det trådlause nettverket og breibandet som lærarar og elevar er avhengige av å bruke når dei skal bruke internett på skulen.

Tussejuv og Heddeli barnehage.

Nye Tussejuv barnehage er godt i gang med nytt barnehageår og nye barnegrupper.

Totalt i barnehagen er det nok leike- og oppholdsareal, men det har vore ei stor utfordring for personalet å utnytte bygget og koordinere bruk av rom i høve til aktivitetar på dei ulike barnegruppene.

Også hausten 2009 byrja det fleire nye tilsette i barnehagen og det gjorde at arbeidsmiljøet fekk nye personar inn som skulle bli kjente og trygge på arbeidsplassen. Utvidinga av Heddeli barnehage og opninga av Tussejuv barnehage har ført til at Seljord kommune har realisert målsettinga til regjeringa om full barnehagedekking.

Det går fram av rammeplan for barnehagane at arbeid med IKT skal vere eit satsingsområde. I barnhagane i sentrum har det blitt kjøpt inn data til bruk for tilsette og barna, men vi har framleis ei utfordring i høve til korleis vi skal realisere ei satsing på IKT i barnehagen. Det er behov for kompetanseutvikling og fokus mot området framover.

KOMPETANSEUTVIKLING.

Innan undervisningssektoren har det i 2009 funne stad kompetanseutvikling gjennom deltaking i interne og eksterne utviklingstiltak og program.

Innanfor skulesektoren har mykje av aktiviteten vore knytt til kommunal plan for kompetanseutvikling i samband med Kunnskapsløftet, der lereplanarbeid, skuleleiaropplæring, tilpassa opplæring, IKT, karriererettleiing/utdanningsval og fagkurs i sentrale undervisningsfag har vore prioriterte satsingsområde.

Innanfor barnehagesektoren har kompetanseutviklinga primært vore knytt til utfordringane som ligg i revidert rammeplan. Prioriterte område i plan for kompetanseutvikling i barnehagen har vore pedagogisk leiing, barns medverknad, språkmiljø og språkstimulering og samarbeid mellom barnehage og skule.

- Alle rektorane har fullført vidareutdanning i skuleleiing, 30 studiepoeng.
- Mange lærarar frå skulane i Seljord deltok på Østlandske lærerstevne hausten 2009.
- I samband med avvikling av eksamen vert det gjennomført ulike kompetanseutviklings-tiltak.
- Fleire lærarar ved Barneskulane har fullført etterutdanning i lese- og skriveopplæring.
- Heile personalet ved skulane har deltatt på kursdag med Gerd Salen: *Kvalitetssikring av lese- og skriveopplæringa*.
- Ei rekke lærarar har i tillegg deltatt i etterutdanning innan ulike undervisningsfag som engelsk, norsk, matematikk, språk, utdanningsval, m.m.
- Det har blitt gjennomført kompetanseutvikling innanfor område som utdannings- og yrkesrådgiving, åferdsproblematikk, seksuelle overgrep, spesial- og sosialpedagogiske tema, ulike musikk- og kulturaktivitetar, m.m.
- Det har vore lagt inn ulike kompetanseutviklingstiltak både i rektormøta og administrasjonsmøta innan barnehageområdet.
- Styrarane i barnehagane deltok på ein studietur til barnehagar i Stockholm saman med andre styrarar i Vest-Telemark.
- To fagarbeidarar i barnehagen deltar i desentralisert førskulelærarutdanning. Den eine er ferdig sommaren 2010. Den andre blir ferdig sommaren 2011.
- Fleire av assistentane i barnehagen tar fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar.
- Faste opplegg med fagtreff og pedagogmøte med særskilde tema sikrar ei kontinuerleg kompetanseutvikling for dei tilsette i barnehagane i Seljord.
- Ut over det som er sagt ovanfor, så har tilsette i skulen, SFO, barnehagen, kulturskulen og vaksenopplæringa deltatt på ei rekke eksterne kurs innanfor ulike fagområde.

6.4 INVESTERINGAR

- **Fullføring av lager Flatdal skule.**

Prosjektet er fullført i 2009 med beising av utvendig kledning.

- **Nytt golv Flatdal skule.**

Golvet i det eine klasserommet i 1.etasje blei pigga opp, lagt på ny isolasjon og belegg i løpet av sommaren 2009.

- **Utviding av Heddeli barnehage.**

Prosjektet utviding av Heddeli barnehage er fullført hausten 2009. Det var markering av ”nye Heddeli barnehage” i haust, med presse, politikarar, ordførar, rådmann, foreldre og barn tilstades.

- **Utbetring av tak på ungdomsskulen og symjehallen.**

Arbeidet med å tette taket på ungdomsskulen og symjehallen er i gang og blir ferdigstilt i løpet av 2010.

6.5 Måltal**Grunnskulen.**

Skulane i Seljord har hatt følgjande elevtal i 2009, fordelt på årstrinn:

TRINN	Seljord	Flatdal	Åmotsdal	USK	SUM
1	24	6	6		36
2	18	10	2		29
3	17	6	5		28
4	26	10	1		37
5	17	5	3		25
6	23	8	2		33
7	26	6	2		34
8				17+17	34
9				17+16	33
10				18+10	28
Sum	151	51	20	95	317

Skulefritidsordninga.

Hausten 2009 var barnetalet ca. 70 i Seljord SFO og 14 i Flatdal SFO.

Om våren var det 5 barn som hadde tilsynsordning i Åmotsdal SFO.

Barnehagane per 15.12.09

	Åmotsdal bhg	Flatdal bhg	Tussejuv bhg	Heddeli bhg
1 år -2008	3	1	8	7
2 år - 2007	2	2	9	7
3 år - 2006	2	3	26	7
4 år - 2005	3	5	12	8
5 år - 2004	6	5	13	20
Sum	16	16	68	49

Kulturskulen.

Ved utgangen av 2009 står 24 grunnskuleelevar på venteliste (17 %). Korpsa i kommunen, Seljord skulemusikk og Flatdal skulekorps, kjøpte leiing og undervisning frå kulturskulen. Andre som har nytta seg av kulturskulen sine tenester er Seljord spelemannslag, Seljord juniorspelemannslag, Gravebremsen og barnehagane. På grunn av pålegg om budsjettkutt blei det slutt på undervisninga i barnehagane frå hausten 2009, og kulturskulen har kutta til saman 20 % årsverk.

Kulturskulen sel undervisning til sjølvkost til Kviteeid kulturskule (3 elevar) og Hjartdal musikkskule (1 elev). Ein har også eit godt samarbeid med skulane i kommunen, som 4. klasseprosjektet ved Seljord Barneskule, samarbeid med korps og skule i Flatdal og undervisning i musikk i 8. klasse ved Seljord ungdomsskule.

Elevar frå Seljord kulturskule har i 2009 delteke på mange små og store konserter, både i og utanfor kommunen. Ein kan mellom anna nemne elevkonserter i Granvin, jolekonserter på Granvin og i Åmotsdal, 20. dag jol-konsert, klassisk konsert, småkonserter på skulane, barnekoret sitt samarbeid med Oslo Barneteater si oppsetting av "Jul i Skomakergata" og Riksteateret sitt Prøysen-program på Granvin i haust. Fleire av våre elevar i hardingfele deltek på kappleikar. Kulturskulen får innimellom spørsmål om å underhalde med musikkinnslag ved kurs/konferansar, Dyrsku-arrangement og ymse andre markeringar.

Kulturskulen har som satsingsområde å ivareta og styrka interessa for folkemusikken. Her har vi ei stor utfordring med omsyn til den auka interessa for hardingfele. Ved utgangen av 2009 hadde kulturskulen 8 elevar på venteliste til hardingfele, samstundes som ein allereie har to hardingfelegrupper som får undervisning i kulturskulen å påvente av ressurs til enkelttimar.

Vaksenopplæringa.

I 2009 har vi undervist norsk med samfunnskunnskap til totalt 32 kursdeltakarar frå 7 ulike land (Eritrea, Filippinene, Polen, Somalia, Tsjetsjenia, Tyrkia og Tyskland). 22 flyktingar, 6 inngifte til Noreg, 6 arbeidsinnvandrarar, ein au-pair og ein elev frå ungdomsskolen.

For dei som deltek i introduksjonsprogrammet, er undervisninga kombinert med språkpraksis på ulike arbeidsplassar. Flyktingane får undervisning 18 timer i veka fordelt på 3 dagar. Resten er språkpraksis. Inngifte og arbeidsinnvandrarar har frå 9 til 18 timer i veka.

For dei som har rett og plikt til gratis undervisning, får vi tilskot frå staten. For andre deltakarar er det eigenbetaling. Seljord kommune har ei avtale med Kviteeid kommune om å gje undervisning til busette med rett og plikt i Kviteeid kommune. I 2009 har det vore tre deltakarar med rett og plikt frå Kviteeid. Vi tek imot deltakarar utan rett og plikt om vi har kapasitet og dei passar inn i eksisterande grupper.

Særskild tilrettelegging.

Det vart våren 2009 avsett 73 t/v til spesialundervisning i grunnskulen og 86,5 t/v om hausten.

I tillegg kjem ressursar til spesialundervisning for fosterbarn som blir dekka av eleven sin heimkommune.

Til tilpassa opplæring i grunnskulen var det ein ressurs på 115 t/v om våren og 100 t/v om hausten.

I tillegg så har det vore ein tilrettelagt bruk av assistentar på ca. 3 årsverk i grunnskule og i SFO ut over grunnbemanninga.

Dei ulike former for spesialpedagogiske tiltak og tilpassa opplæring i grunnskulen blir sett i samanheng for å kunne få utnytte ressursane fleksibelt. Dette for at dei elevane som treng særskilt støtte, skal få eit best muleg tilbod.

I 2009 var det 17 elevar som hadde enkeltvedtak om spesialundervisning.

Logopeden utgjer også ein viktig ressurs i kompetanseutviklinga innan det spesialpedagogiske området. Logopedstillinga er finansiert ved bruk av rammetimar og vakant spesialpedagogisk ressurs innan førskuleområdet.

Til særskild norskopplæring for framandspråklege elevar vart det nytta ca. 58 t/v.

Til spesialpedagogiske tiltak for førskulebarn vart det nytta 0,8 årsverk. Spesialpedagogen arbeider i hovudsak med enkeltbarn basert på enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp. 5 førskulebarn hadde våren 2009 enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Lærlingeordning.

Kommunen tek inn ein lærling om gangen innanfor Barne-og ungdomsarbeidarfag, og har i tillegg hatt lærling på yrkesretta rehabilitering gjennom Nav. Pedagogisk konsulent er fagleg leiar, og lærlingen har praksis både i barnehage og SFO/barneskule. I tillegg har vi eit samarbeid med Bø vidaregåande skule, avd. Seljord om praksistid der. I tillegg tek vi opp ein lærling i helsefag kvart år, noko som administrerast gjennom pedagogisk konsulent som lærlingekoordinator.

6.6 Økonomi**Drifts- og finansutgifter (kr 1.000):**

Ansvar	Rekneskap - 08	Budsjett - 09 (justert)	Rekneskap - 09	Avvik % R 09/B 09 (justert)
200 Undervisningskontor	4.424	3.344	4.264	+ 27,5 %
210 Seljord barneskule	13.054	12.684	12.931	+ 1,9 %
211 Seljord ungdomsskule	11.514	11.273	12.122	+ 7,5 %
212 Flatdal skule	4.897	5.187	5.376	+ 3,6 %
213 Åmotsdal skule	2.660	2.698	2.872	+ 6,4 %
220 Heddeli barnehage	6.053	6.155	6.425	+ 4,4 %
221 Tussejuv barnehage	6.779	7.401	8.057	+ 8,9 %
222 Flatdal barnehage	1.868	1.915	1.911	÷ 0,2 %
223 Åmotsdal barnehage	1.976	2.104	1.990	÷ 5,4 %
230 Kulturskulen	2.850	3.099	3.126	+ 0,9 %
Sum	56.075	55.860	59.074	+ 5,8 %

Drifts- og finansinntekter (kr 1.000):

Ansvar	Rekneskap - 08	Budsjett - 09 (justert)	Rekneskap - 09	Avvik % R 09/B 09 (justert)
200 Undervisningskontor	3.205	2.052	3.449	+ 68,1 %
210 Seljord barneskule	2.220	1.506	1.899	+ 26,1 %
211 Seljord ungdomsskule	1.287	826	1.432	+ 73,4 %
212 Flatdal skule	340	208	404	+ 94,2 %
213 Åmotsdal skule	381	182	191	+ 4,9 %
220 Heddeli barnehage	5.504	5.556	5.903	+ 6,2 %
221 Tussejuv barnehage	6.240	6.868	7.636	+ 11,2 %
222 Flatdal barnehage	1.413	1.238	1.539	+ 24,3 %
223 Åmotsdal barnehage	1.594	1.644	1.630	÷ 0,9 %
230 Kulturskulen	787	981	982	+ 0,1 %
Sum	22.971	21.061	25.065	+ 19,0 %

Netto drifts- og finansutgifter (kr 1.000):

Ansvar	Rekneskap - 08	Budsjett - 09 (justert)	Rekneskap - 09	Avvik % R 09/B 09 (justert)
200 Undervisningskontor	1.219	1.292	814	÷ 37,0 %
210 Seljord barneskule	10.834	11.178	11.031	÷ 1,3 %
211 Seljord ungdomsskule	10.227	10.447	10.691	+ 2,3 %
212 Flatdal skule	4.557	4.979	4.972	÷ 0,1 %
213 Åmotsdal skule	2.279	2.516	2.682	+ 6,6 %
220 Heddeli barnehage	549	599	522	÷ 12,9 %
221 Tussejuv barnehage	539	533	421	÷ 21,0 %
222 Flatdal barnehage	455	677	372	÷ 45,1 %
223 Åmotsdal barnehage	382	460	360	÷ 21,7 %
230 Kulturskulen	2.063	2.118	2.144	+ 1,2 %
Sum	33.104	34.799	34.009	÷ 2,3 %

Samandrag (kr 1.000):

	Rekneskap - 08	Budsjett - 09 (justert)	Rekneskap - 09	Avvik % R 09/B 09 (justert)
Drifts- og finansutgifter	56.075	55.860	59.074	+ 5,8 %
Drifts- og finansinntekter	22.971	21.061	25.065	+ 19,0 %
Netto drifts- og finansutgifter	33.104	34.799	34.009	÷ 2,3 %

6.7 KOMMENTARAR TIL ØKONOMIOVERSYNET.**Økonomoversynet for 2009 viser avvik på to sentrale område:****1. Auke i statlege inntekter.**

I samband med utvidinga av talet på barnehageplassar i Seljord kommune, i dette tilfellet nyopninga av Tussejuv barnehage, har det vore ein større auke i talet på barn i aldersgruppa 1 til 3 år i barnehagen, enn det som var budsjettert for i 2009. I dag har vi full barnehagedekning i kommunen og gjennomfører etteropptak heile året. Vi har slik sett kome lengre enn mange andre kommunar i høve til sentral politisk målsetting om full

barnehagedekning. Auke i inntekter som kan tilbakeførast statlege overføringer (statstilskot og skjønsmidlar) er 696.000 kroner og er såleis den største enkeltfaktoren som har ført til eit positivt resultat for 2009.

2. Sjukefråver.

Nokre av avdelingane har hatt relativt stort sjukefråver i 2009. Det er vanskeleg å få tak i vikarar på kort varsel og bemanninga har til tider vore redusert i høve til bemanningsplan. Mykje langtidsfråver har ført til ein auke i høve til budsjettetts tal for sjukelønsrefusjon

6.7.1 Ressursbruk

Undervisningssektoren er ein svært personalintensiv sektor. Ein stor del, over 80%, av alle utgifter går til lønnskostnader. Sektoren sysselsette ved utgangen av 2009 i overkant av 98 årsverk, i tillegg til dei i sentraladministrasjonen som arbeider spesielt med saker som gjeld undervisningsområdet.

Årsverka var fordelt på ca. 135 personar i heil eller deltidsstillingar.

Dei 98 årsverka var fordelt på dei ulike tenesteområda med ca. 53 i grunnskulen inklusiv SFO, ca. 39 i barnehagen inklusiv spesialpedagog for førskulebarn, ca. 4 i kulturskulen og 2 i vaksenopplæringa.

6.8 Måloppnåing i høve til kommuneplan

I hovudmål 4 i kommuneplanen heiter det at *"Seljord kommune skal utvikle gode service- og tenestefunksjonar i samspel med innbyggjarane"*

5 av delmåla omhandlar dei tilboda som blir gitt av programområde 2, undervisning.

Resultata frå nasjonale prøvar og andre kartleggingsprøver har store variasjonar, men ligg samla sett innanfor eit tilfredstillande prestasjonsnivå. Nytt av året er at utdanningsdirektoratet har pålagt kommunane ei såkalla "Tilstandsrapportering" ut i frå utvalde indikatorar. Desse måltala blir lagt fram for formannskapet til orientering våren 2010.

Elevane frå Seljord har gjennomgåande gode resultat ved avgangseksemansen i grunnskulen.

Resultat frå elevundersøkinga viser at elevane i Seljord ligg på landsgjennomsnittet når det gjeld trivsel og karakteristikk av eit positivt arbeidsmiljø.

Det positive inntrykket vert stadfesta gjennom tilbakemeldingar i Det Kommunale Foreldreutvalet, KFU.

Seljord har ein barnehage med høg kvalitet. Den lokale rammeplanen pålegg barnehagane å ha fokus mot kulturtradisjonar og lokal identitet. I tillegg har barnehagane utvikla gode verktøy og eit godt arbeid med språkstimulering. Dette er eit arbeid kommunen framleis blir bede om å dele med seg.

Det blir gitt gode tilbakemeldingar på innhaldet i SFO. Auken av barnetalet ved sfo på Seljord barneskule tyder på at ordninga er vellukka og at det er viktig å utvikle dette tilbodet vidare.

Kulturskulen har svært høg deltaking og utviklar mange lokale talent med svært høg kvalitet. Det er fokus på det musikkskuledelen, men også teatergruppa har fått ros for sine framføringer.

Både barnehage og SFO dekker fullt ut etterspørlsen. Alle som søker får plass, og kommunen har ein kontinuerleg opptaksprosedyre gjennom heile året. Det medfører at plass blir stilt til rådvelde når behovet oppstår eller når vilkår for plass er til stades. For barnehageområdet betyr det mellom anna at barna kan på plass den dagen dei fyller 1 år.

6.9 Sluttkommentar

Ei utfordring for undervisningssektoren framover vil vere å få ei best mogeleg tilpassing av dei tilbod som sektoren gjev, til dei behova som brukarane har og til dei krav som blir stilte frå sentrale styresmakter. Det er frå sentrale styresmakter forventa at skulen skal ta eit særskilt ansvar for den fysiske aktiviteten blant barn og unge, samt rette satsinga mot tidleg innsats for elevar med særskilde vanskar. Timetalet blir gradvis auka i dei teoretiske faga og fysisk aktivitet blir meir vektlagt enn tidlegare. Samla sett kan ein tolke denne utviklinga i retning av eit politisk prosjekt "heildagsskulen".

Dette opnar for ein samfunnsdebatt på sentralt og lokalt nivå, der skule og heim må finne vegen vidare med gode lokale løysingar.

7 Programområde 3 – Helse og omsorg

"Seljord kommune skal vere eit samfunn i vekst og utvikling, som er bevisst kvalitetane sine og brukar dei for å styrkje lokalsamfunnet slik at kommunen blir ein endå betre stad å bu, arbeide og besøke" (kommuneplanen overordna mål).

7.1 Organisering, program- og Ansvarsområde

Formannskap og kommunestyret har det politiske ansvaret for programområde 3, medan det overordna administrative ansvaret er lagt til kommunalsjef, som har delegert fullmakt frå rådmannen. Fagansvar og ansvar for den daglege drifta er delegert vidare til leiarane for dei ulike avdelingane.

Barneverntenesta høyrer også inn under programområde 3 sitt ansvar, men vert ikkje omtala i denne årsmeldinga, då det vert utarbeidd eiga årsmelding frå Barneversamarbeidet i Vest-Telemark.

Avdeling	Ansvarsområde
Satellittavdeling til Sykehuset Telemark/ Dialyseavdeling	Dialysebehandling av inntil seks pasientar
Avdeling for helsetenester	Helsestasjon Legetenester Fysioterapi Skulehelseteneste Jordmorteneste
Seljord interkommunale legevakt	Naudsynt medisinsk hjelp til innbyggjarane i Seljord og Kviteseid
NAV-kommune	Førebyggjande arbeid etter sosialtenestelova Generell oppfølging, råd og rettleiing Økonomisk sosialhjelp Økonomisk rådgjeving Bustader til vanskelegstilte Bustøtte Utbetringstilskot Rusmiddelarbeid Sal -og skjenkekонтroll Transportordning for funksjonshemma Støttekontakt Avlastning Individuellplan og ansvarsgrupper Sysselsettingstiltak (kjøp plassar ved Kviteseid arbeidssamvirke og Seljord Personal)
Heimetenester Seljord distrikt	Heimesjukepleie Heimehjelp Matlevering til heimebuande

	Tryggleiksalarmer Omsorgsbustader
Heimetenester Flatdal og Åmotsdal distrikt	Heimesjukepleie Heimehjelp Matlevering til heimebuande Tryggleiksalarmer
Psykisk helsearbeid	Senteret på Moen med ulike dag og ettermiddagstilbod Miljøarbeid Individuelle samtaler og oppfølging Førebyggjande arbeid
Nesbukti pleie- og omsorgssenter Somatisk avdeling	Pleie- og omsorg ved langtidsopphald Observasjon og rehabilitering ved korttidsopphald Avlastningsopphald Dagopphald
Nesbukti pleie- og omsorgssenter Avdeling for demente	Pleie- og omsorg ved langtidsopphald Avlastningsopphald Dagtilbod
Heddeli bu- og servicesenter	Langtidsopphald (varig butilbod) Vinteropphald og andre korttidsopphald Avlastningsopphald Dagtilbod
Steinmoen bu- og servicesenter	Langtidsopphald (varig butilbod) Vinteropphald og andre korttidsopphald Avlastningsopphald Dagtilbod
Teneste for funksjonshemma	Gravebremsen (døgnbemanna bustad for psykisk utviklingshemma) Andre tiltak til heimebuande Skule og dagtilbod (blir kjøpt av Kviteseid kommune)

7.2 Presentasjon av tenestene

"Seljord kommune skal utvikle gode service- og tenestefunksjonar i samspel med innbyggjarane"(kommuneplanen, hovudmål 4).

7.2.1 Satellittavdeling for dialyse

Satellittavdelinga er eit samarbeid mellom Sykehuset Telemark og Seljord kommune, der sjukehuset har driftsansvaret og Seljord kommune er arbeidsgjevar. Avdelinga har ope tre dagar i veka, har seks plassar til dialysebehandling og tre tilsette (60 % sjukepl. stilling x 3). Avdelinga held til på Nesbukti pleie- og omsorgssenter.

7.2.2 Helsesenter

"Seljord kommune skal vidareutvikle dagens gode helse- og omsorgstilbod, og så langt råd er sikre liv og helse for alle" (kommuneplanen hovudmål 4).

Legetenesta

Seljord har 3, 8 legeårsverk + turnuslege. Det har vore rettighetsfesta permisjonar i 2009, men utover det har bemanninga vore stabil, også når det gjeld vikar. Hjelpepersonalet er svært stabilt, og utgjer til saman 3, 2 årsverk.

Om lag 3 550 pasientar har fastlege i Seljord ved årsskiftet 2009/10, ei auke på 150 frå året før. Av desse er 500 busett i Kviteseid kommune. Ventetida på ordinær legetime (hjå eigen fastlege) er to til tre veker dersom ikkje hastegrad er spesifisert. Alle som treng øyeblikkeleg hjelp kjem inn same dag. Andre problem som ikkje kan vente på ordinær time vert prioritert i høve til ei konkret vurdering. Det er lagt til rette for telefonkontakt med lege kvar dag for mindre problem eller oppfølging som ikkje krev konsultasjon. Dei mest brukte diagnosane er muskel/skeleltlidningar, psykiske problem og hjarte/kar-sjukdomar. To av dei faste legane har fritak frå deltaking i legevakt pga alder/sjukdom, dei to andre legane samt turnuslege deltok i vakt.

Helsestasjon

Seljord kommune har til saman 1, 5 årsverk til helsestasjoner. 0, 5 årsverk er øyremerkt ungdom. Ved helsestasjon for barn, har helsestasjoner ansvar for førebyggande arbeid gjennom mellom anna helsekontrollar og oppfølging av friske barn og unge før og i skulealder. Helsestasjonen har også lege ein føremiddag i veka. Helsestasjonen for barn har og ansvar for all vaksinering samt lovpålagt helsekontroll av flyktninger og asylsøkjarar.

Helsestasjon for ungdom har faste dagar på ungdomsskulen og Bø vidaregåande avd. Seljord, og har ansvar for Helsestasjon for ungdom ein ettermiddag i veka.

Jordmor er tilsett i halv stilling med fleksibel arbeidstid utanom dei faste svangerskapskontrollane. Dette fungerer svært godt i høve til skreddarsydd beredskap rundt dei gravide ved termin.

Fysioterapitenesta

Kommunen har kommunal fysioterapeut i full stilling samt privatpraktiserande fysioterapeut med driftstilskot tilsvarande full stilling. Dei har utvikla ein bevisst ulik fagleg profil som sikrar breidde i tilbodet. Kommunen har også turnuskandidat i fysioterapi.

Legevakt

Seljord kommune brukar nattlegevaktteneste ved Blefjell Sykehus Notodden frå kl 23.00 til kl 08.00. Det har blitt arbeid med ny organisering av legevakta på Notodden, dette vil føre til at Notodden kommune blir vertskommune.

Frå kl 08.00 til 23.00 vert behovet for øyeblikkeleg hjelp teke hand om ved legevakta i Seljord. Utanom helseenteret si opningstid, er legevakta eit samarbeid mellom Kviteseid og Seljord kommune.

7.2.2.1 Satsingsområde/ prosjekt/kompetanse

- Akuttkurs for turnuslegar og allmennlegar har vore gjennomført vår og haust 2009 med god evaluering. Sjukepleiar, lege og ambulansepersonell lokalt samarbeider med anestesilegar frå AMK om dette.
- To av legane har formelle roller knytt til utdanning og allmennmedisinsk fagutvikling på nasjonalt nivå.

-
- To av legane er under utdanning i spesialisering i allmennmedisin.
 - Avdelinga har ”skreddarsydd” tilbod til pasientar med overvekt og diabetes, eit individuelt tilpassa opplegg med tett oppfølging av sjukepleiar og fysioterapeut. Det vert mellom anna gjeve tilbod om kosttettleiing, trening i basseng og anna tilpassa trening.
 - Tverrfagleg samarbeidsgruppe har som målsetjing å ”fange opp” barn som slit på eit tidleg tidspunkt, og følgje opp desse på ein god måte. Gruppa er leia av helsestyrer for ungdom, og er samansett av representantar frå skule, helsetenesta, barnevern og PPT.

7.2.3 NAV-kommune

2009 var fyrste heile året med NAV-kontor i kommunen, etter etableringa i juni 2008. Det har vore mange utfordringar, men fokus har vore samordning og utvikling av tenestene, og det har skjedd ei positiv utvikling mot meir samordna tenester for innbyggjarane i kommunen.

Kvalifiseringsprogrammet vert kjøp av Seljord Personal, og hadde i 2009 eit snitt på 4 deltagarar, men har kapasitet til 5. Låg arbeidsløyse var ein av årsakene til at det ikkje har vore full utnytting av programmet.

Kommunen har stort behov for fleire bustader til vanskeleg stilla. Det vart hausten 2009 vedteke å byggje 5 utelegebustader på Moen. Behovet vil likevel ikkje vera dekt.

Mange treng også hjelp til å lære å bu. Seljord kommune har søkt om eksterne midlar, og på bakgrunn av dette, fått økonomisk grunnlag for å tilsetje ein miljøterapeut i samband med prosjektet ”Livsmeisting og sosial inkludering, - trygge og gode dagar”. Prosjektet er i utgangspunktet for eit år, men moglegheit for utviding i inntil 3 år.

Koordinator for rusomsorg har saman med Rusforum i Vest-Telemark arrangert ei seminarrekke med aktuelle tema. Tiltaket vart finansiert av Fylkesmannen og lagt til Granvin kulturhus.

Fylkesmannen har hatt tilsyn med rusomsorga i Seljord kommune, og påla kommunen å betre rutinane som sikrar at det blir fatta enkeltvedtak etter stl. § 4-2, når tenester vert i verksett.

Frå 01.01.09 har Vest-Telemark kommunane tilsett gjeldsrådgjevar i 60% stilling med kontorlass hjå NAV-Seljord. Kommunen sender refusjonskrav til dei 5 andre kommunane, kostnadene vert fordelt etter innbyggjartal. Seljord kommune har 18 gjeldsrådgjevingssaker per 31.12.09, 8 vasr avslutta i løpet av året.

Koordinator for teneste for funksjonshemma har ansvar for støttekontakt og avlastning, oppfølging av ansvarsgrupper og koordinering av individuellplan. Det er til tider vanskeleg å skaffe både støttekontaktar og avlastarar som høver til oppdraget, men tilgangen har likevel vore betre i 2009 enn tidlegare år. Seljord kommune nyttar private heimar til avlastning, i tillegg vert det kjøpt avlastning ved ein institusjon i annan kommune. Det har vore ein auke i søknader om støttekontakt, dette gjeld særleg personar med psykisk problem.

7.2.4 Pleie- og omsorgstenester

”Innbyggjarar som ikkje kan klare seg sjølv skal ha eit teneste- og omsorgstilbod som er tilpassa funksjonsnivå og heim/ nærmiljø.

Innbyggjarane skal få tenester på lågaste effektive omsorgsnivå, uavhengig av kvar i kommune ein bur.

Seljord kommune skal legge vekt på førebyggjande tiltak slik at eiga helse blir ivaretaken, og at ein får hjelp til å meistre eigen livssituasjon”

(kommuneplan, hovudmål 4).

7.2.4.1 Nesbukti pleie –og omsorgssenter

2009 har vore eit år med sort behov for sjukeheimslassar gjennom heile året. Kapasiteten har vore for liten både på somatisk avdeling og avdeling for demente. Det har til saman vore 254 døgn med overbelegg. I tillegg har avdelingane tatt i mot dagpasientar. Personalet er fleksible og strekkjer seg langt for å finne optimale løysingar.

Pasientgruppa har stor helsesvikt og krevjande diagnosar, dette gjer at behovet for langtidsopphald er stort, og høve til å gje korttidsopphald til observasjon, rehabilitering og avlastning vert dermed redusert.

Ei 80% sjukepleiarstilling har blitt gjort om til assisterande avdelingsleiarstilling. Denne avlastar avdelingsleiar, vikarer for avdelingsleiar ved feriar og anna fråver, og har eit særskild ansvar for sjukepleiedokumentasjon og fagutvikling.

Nesbukti pleie- og omsorgssenter har også i 2009 hatt eit godt samarbeid med barnehage, skule, kyrkja, pensjonistlag og andre lokale krefter som er på regelmessige besøk og deltek med ulike aktivitetar. Pasientane har også stor glede av lett tilgang til det fine uteområde.

Avdelinga har stort vikarbehov, som fylgje av sjukefråvær og ulike avtalefesta permisjonar.

7.2.4.2 Heimetenestene

Heimesjukepleia har om lag 70 – 80 besøk dagleg. Det er låg ”turn over”, og god sjukepleiedekning, men belastninga på dei tilsette har vore stor i 2009. Kompliserte sjukdomsbilde og alvorleg sjuke med behov for fleire besøk per dag, gjer at avdelinga slit med for låg grunnbemannning. Det store presset på heimetenesta har også samanheng med at både sjukeheimen og bu- og servicesentera har hatt for liten kapasitet i høve til behovet. Det er ei stor utfordring å nå målet om å gje same tilbod uavhengig av kvar i kommunen ein bur. Dette merkast særleg godt i utkantstrøka, når det er behov for fleire besøk dagleg og mykje tid går med til køyring.

Det skal gjennomførast førebyggande heimebesøk til eldre det året dei fyller 80 år. Tiltaket har blitt godt mottatt, og gjeve tryggleik når behov for tenester oppstår. Det har derre ikkje vore ressursar til å gjennomføre dette tiltaket i 2009.

For å oppretthalde fagleg standard er det m.l.a. innført ”arbeidslunsj” kvar fredag, med internundervisning og etisk refleksjon. Det er ressurspersonar innan ulike fagområde som t.d. hørselshjelpemiddel, kreftomsorg og demens.

Det er godt samarbeid mellom dei ulike avdelingane innan helse og omsorg, med mellom anna regelmessige møte med helseavdelinga, psykisk helse og heimesjukepleia.

7.2.4.3 Bu- og servicesentra

Både Heddeli og Steinmoen har hatt fullt belegg i 2009. Dette omsorgsnivået, mellom å bu heime og å vere på institusjon, spelar ei svært viktig rolle i tenestekjeda i kommunen. Heddeli og

Steinmoen har både dagopphald, avlastningstilbod, korttids og langtidsplassar. Det er heimesjukpleia som har den sjukepleiefaglege oppfølginga av bebuarane. Ein har i periodar strekt grensene for bruk av plassar på bu- og servicesentera langt, når sjukeheimen har vore full, har ein måtte nytta bu- og servicesenter. Fleksibelt og innsatsviljig personale, og oppfølging frå heimesjukpleia, gjer at ein har funne det forsvarleg, men ikkje ynskjeleg.

7.2.5 Psykisk helsearbeid

Avdelingen tilbyr individuell oppfølging, samtale og rettleiing, ulike gruppertilbod, koordinering av hjelpebehov, familie - og pårørrandearbeid, samt praktisk bistand og veiledning i heimen.

Det har i 2009 vore eit auka fokus på fysisk aktivitet, noko som har synt seg å vera ei rett satsing. Seljord var mellom anna med på ”Pilgrimstur for psykisk helse”, eit samarbeidsprosjekt med dei andre Vest-Telemark kommunene, med diakon Eilev Erikstein som prosjektleiar. Det er ”bassenggruppe”, turgrupper og andre aktivitetsgrupper. Mange av tilboda utløyser behov for transport, og avdelinga ville hatt store fordeler av å disponere ein 7-seter/ minibuss.

Avdelinga opplever at det er manglende tilbod til gruppa ungdom og unge voksne. Helsesøster for ungdom fangar opp nokre av desse, men har ikkje ressursar til å gje tilstrekkeleg oppfølging. Sidan kommunen ikkje har hatt miljøterapeut i 2009, har det dessverre ikkje vore ressursar til å gjennomføre prosjektet ”Kjærlighet og grenser”, eit haldningsskapande og rusførebyggjande prosjekt i regi av Borgestadklinikken.

Avdelinga har også store utfordringar overfor alvorleg psykisk sjuke som treng tett oppfølging. Svært sjuke pasientar vert definert som ”ferdig behandla/ utskrivingsklare” frå sjukehus, og er dermed kommunen sitt ansvar, sjølv om behovet for vidare behandling og oppfølging er stort.

Det vert hausten 2009 vedteke å samlokalisert avdeling for Psykisk helse, i tilknyting til utleigebustader på Moen.

7.2.6 Teneste for funksjonshemma

Avdelinga har ansvar fem brukarar i alderen 28 – 71 år.

Hovudarbeidsområde er miljøarbeid i bustadane, ulike aktivitetstiltak i fritida, samt oppfylging og koordinering av tenestene som vert gjeve av skule, dagsenter og tilrettelagt arbeid.

Avdelingsleiar har saman med representantar frå Krodokk skule, Lundejordet, Seljord Personal og Kviteseid arbeidssamvirke faste møter og tett samarbeid.

Avdelinga har hatt høgt sjukefråvær i 2009. Dette har medført auka press på dei tilsette for å oppretthalde tilstrekkeleg bemanning. NAV/ arbeidslivsteneste har gjeve rettleiing til dei tilsette, og avdelinga har fått tilført 0,5 årsverk. Personalrommet har blitt utvida, slik at det nå er eige rom for nattevakten.

Tenesteomfanget på Gravebremsen har vore til vurdering hjå Fylkesmannen. Dette har ført til at brukarane vil få meir ressursar i 2010.

7.3 Prosjekt og planar som gjeld fleire avdelingar:

”Plan for trivsel og oppvekst”

Planen vart vedteken i kommunestyret i juni 2005 og er gjeldande ut 2009. Det er gjort fylgjande evaluering for 2009:

- Helsestasjon for ungdom: Har ope 2½ time per veke og har jamn, god oppslutnad.
- Kveldstilbod på Granvin: God aktivitet i hausthalvåret. Ungdomspresten arr. klubbkveld annan kvar fredag, med god hjelp frå foreldregruppa. Ungdomsrådet utgjer styret for klubben.
- Natteravnar: Det har ikkje vore natteravnar i 2009.
- Ope informasjonsmøte: Dette tiltaket vart ikkje gjennomført i 2009.
- Kurs for fyrstegongs foreldre: Det er gjennomført to kurs om betre samliv.
- Dialogkonferanse for ungdomsskulelevar med foreldre og politikarar: Er ikkje gjennomført i 2009, men dialogkonferanse om etikk og nettbruk er under planlegging.
- Tverrfagleg møte/ kriminalitetsførebyggjande tiltak: Det er gjennomført to møte i 2009, med gjensidig informasjon og erfaringsutveksling. Det vart sendt brev til kommuneadministrasjon med oppfordring om å tilsette miljøterapeut for ungdom.
- Møte med løyvehavarane: Gjennomført jamfør planen, og erstattar ein av dei årlege kontrollane.

"Snakk om det, ikkje bare snakk"

Målsetjinga med prosjektet er å redusere konsekvensane av rus og/ eller psykiatri hjå barn og unge som veks opp i heimar der dette er eit problem, og utvikle leiarkompetanse og tverrfagleg samarbeid innan rus/ psykiatri.

Prosjektet er finansiert av KS, og alle tenestene som møter barn og unge er involvert. P.g.a. personellsituasjonen i avdeling for psykisk helse måtte prosjektet "leggjast på is" fram til hausten 2009. Det er nå engasjert ekstren prosjektleiar for å fullføre prosjektet.

Innføring av elektronisk personell –og turnusprogram

Avdelingane innan pleie- og omsorg, samt legevakt har innført elektronisk turnusprogram (GAT), det har vore ei bratt læringskurve for mange. Programmet omfattar mellom anna registrering av fråvær og ekstravakter (timelister), og alle tilsette må bruke "min GAT". Kursing og intern opplæring starta i 2008, men det har vore ei krevjande stasing også i 2009. Ein ser likevel at programmet gjev ein god oversikt, og kvalitetssikring i forhold til aktuelt lovverk.

Demensomsorga si ABC

Seljord kommune har, etter søknad, fått stønad frå Fylkesmannen til å gjennomføre "Demensomsorgens ABC". Dette er eit opplegg for studiegruppe som går over 2 år, tilsette frå institusjon og heimetenesta deltek.

Lærling helsefagarbeidar

Kommunen har to lærlingar innan helsefag.

7.4 Måltal og ressursbruk i 2009

Avdelingane innan helse- og omsorg disponerer fylgjande årsverk 31.12. 09 (inkl. stillingar i vikarbok):

Avdeling for helsetenester	12,07 årsverk
Seljord interkommunale legevaktsentral	2,15 årsverk
Satellittavdeling for dialyse	1,90 årsverk
Avdeling for sosiale tenester	3,30 årsverk
Pleie- og omsorgskontoret	1,00 årsverk
Heimehjelp	6, 4 årsverk
Heimesjukepleie	10,82 årsverk
Psykisk helsearbeid	5,25 årsverk
Nesbukti pleie –og omsorgssenter (somatisk avd. og avd. for demente, vaskeri, reinhald og mottakarkjøkken)	33,71 årsverk
Heddeli bu- og servicesenter	6,83 årsverk
Steinmoen	4,81 årsverk
Teneste for funksjonshemma	7,49 årsverk
NAV-kommune	3,30 årsverk

I tillegg til faste stillingar kjem oppdragsavtaler, d.v.s. støttekontaktar (ca 2,50 årsverk), avlastarar (ca 3,50 årsverk) og ”private heimehjelper” (ca 0,50 årsverk).

Seljord kommune har i tillegg til 3,30 årsverk på NAV-kontoret, delfinansiering av leiarressursen og av 60% gjeldsrådgjevar.

Bemanningssituasjonen er stabil. Svangerskaps- og omsorgspermisjonar, velferdspermisjonar av ulike slag, samt sjukefråvær gjer likevel at det er stort behov for vikarar.

Legevaka:

👉 År	Henvendingar	Seljord	Kviteseid	Konsultasjonar	Telefon
2006	4 174	62%	38%	41%	59%
2007	4 337	65,5%	34,5%	39%	61%
2008	3 908	66%	34%	39%	61%
2009	3 875	63%	37%	40%	60%

Seljord står for ein størstedelen av alle henvendingane til legevaka. Dette har nok å gjera med både nærheten til LV og at brorparten av gjestepasientane oppheld seg i Seljord.

Sosiale tenester :

Tiltak	2006	2007	2008	2009
Økonomisk sosialhjelp	75	74	78	110
Oppfølging rusproblematikk	24	32	27	26
Sysselsetjing/attføring/ utdanning	23	14	33	34
Økonomistyring/ økonomisk rådgjeving/ gjeldsordning	19	33	26	35
Ikkje avslutta ved årets slutt	32	40	44	82

Langtidsklientar er i samband med årsmeldinga, definert som personar som mottekk sosialstønad i min. 3 mnd. samanhengande som einaste inntekt, eller som eit vesentleg supplement til anna inntekt. I andre statistikkar vert det rekna med 6 månadar i staden for 3, derfor er tala i årsmeldinga være høgare enn tala frå SSB.

Langtidsklientat fordeler seg slik:

2006:	32 av 75 stønadsmottakarar	(42,6 %)
2007:	28 av 74 "	(37,8%)
2008:	21 av 78 "	(26 %)
2009:	38 av 110 "	(35 %)

Ander tenester ved sosialavdelinga:

Teneste	31.12.2006	31.12.2007	31.12.2008	31.12.2009
Støttekontakt	10 personar	17 personar	15 personar	23 personar
Avlasting	12 familiar	8 familiar	12 familiar	11 familiar
	2006	2007	2008	2009
Utbetringsslån	6 saker	5 saker	5 saker	3 saker
Bustøtte	79 saker	72 saker	77 saker	78 saker
Gjeldsordning, overs Namsmannen	2 saker	2 saker	0 saker	1 sak
Saker til interkommunal gjeldsrådgjevar	4 saker	4 saker	4 saker	5 saker

Heimesjukepleie, heimehjelp og omsorgslønn:

Teneste	31.12.2006	31.12.2007	31.12.2008.	31.12.2009.
Heimehjelp	59 brukarar	63 brukarar	69 brukarar	62 brukarar
Heimesjukepleie	21 brukarar	27 brukarar	27 brukarar	24 brukarar
Både heimesjukepleie og heimehjelp	49 brukarar	56 brukarar	58 brukarar	61 brukarar
Omsorgslønn	8	8	8	10

Opphold ved Nesbukti pleie- og omsorgssenter:

Teneste	31.12.2006	31.12.2007	31.12.2008	31.12.2009.
Korttidsopphold	6	7	3	1
Avlastingsopphold	0	0	0	0
Langtidsopphold	15	19	24	25
Dagopphold	0	1	1	2

Saker handsama i tiltaksteam:

2005	2006	2007	2008	2009
125	150	154	133	96

Tiltaksteamet handsamar saker som gjeld tildeling av pleie og omsorgstenester etter kommunehelsetenestelova og sosialtenestelova.

7.5 Økonomi

Drifts- og finansutgifter (kr 1.000)		Rekneskap 2008	Budsjett 2009 (justert)	Rekneskap 2009	Avvik (%) R 09 / B 09 (justert)
Ansvar					
300	Dialyseavdeling	970	1 093	1 029	÷ 5,9
310	Legetenester	9 124	9 345	9 758	+ 4,4
311	Fysioterapitenger	873	1 112	1 154	+ 3,8
312	Helsestasjon	1 029	1 162	1 278	+10,0
313	Drift helsecenter	545	562	516	÷ 8,2
320	Sosiale tenester	7 080	7 140	8 541	+ 19,6
321	Barnevern	3 460	4 330	3 890	÷ 10,2
330	Pleie- og omsorgskontor	568	559	563	+ 0,7
331	Heimetenester	9 426	9 650	10 505	+ 8,9
332	Psykisk helse	3 068	2 813	3 045	+ 8,3
333	Nesbukti pleie- og omsorgssenter	20 359	20 780	22 443	+ 8,0
334	Heddeli bu- og servicesenter	4 250	4 340	4 286	÷ 1,2
335	Steinmoen bu- og servicesenter	3 293	2 920	3 036	+ 4,0
336	Omsorgsbustader	97	76	94	+ 23,7
337	Butilbod og tiltak for funksjonshemma	5 518	5 205	6 059	+ 16,4
Sum		69 660	71 087	76 197	+ 7,2

Drifts- og finansinntekter (kr 1.000)		Rekneskap 2008	Budsjett 2009	Rekneskap 2009 (justert)	Avvik (%) R 09 / B 09 (justert)
Ansvar					
300	Dialyseavdeling	1 126	1 132	1 176	+ 3,9
310	Legetenester	5 584	5 033	5 941	+ 18,0
311	Fysioterapitenester	297	434	475	+ 9,5
312	Helsestasjon	377	100	209	+ 109,0
313	Drift helsesenter	171	140	140	0,0
320	Sosiale tenester	1 399	1 323	2 715	+ 105,2
321	Barnevern	303	775	681	÷ 12,1
330	Pleie- og omsorgskontor	78	5	99	+ 1 880,0
331	Heimetenester	699	523	1 028	+ 96,6
332	Psykisk helse	2 187	86	628	+ 630,2
333	Nesbukti pleie- og omsorgssenter	4 825	3 758	6 009	+ 59,9
334	Heddeli bu- og servicesenter	1 121	1 088	1 189	+ 9,3
335	Steinmoen bu- og servicenter	409	426	556	+ 30,5
336	Omsorgsbustader	794	825	853	+ 3,4
337	Butilbod og tiltak for funksjonshemma	821	449	1 066	+ 137,4
Sum		20 191	16 097	22 767	+ 41,4

Drifts- og finansutgifter	69 660	71 087	76 197	+ 7,2
Drifts- og finansinntekter	20 191	16 097	22 767	+ 41,4
Netto drifts- og finansutgifter	49 469	54 990	53 430	÷ 2,8

Kommentar til økonomioversynet:

Det er relativt store avvik på enkelte områder, både når det gjeld inntekter og utgifter. Programområde 3 har eit positivt netto driftsresultat i 2009 på 1 560 000 kr i f.h.t. justert budsjett.

SLUTTKOMMENTAR

Målsetingane i kommuneplanen er styrande for tenestene innan programområde 3. Men utfordringane er store, ikkje minst når det gjeld å nå målet om å gje innbyggjarane tenester på lågaste effektive omsorgsnivå, *uavhengig av kvar i kommune ein bur*. Når ressursane er knappe må ein setje innsatsen på mest effektive måte der behovet er størst, og målsetjinga om at "Seljord kommune skal leggje vekt på førebyggjande tiltak slik at eiga helse

blir ivaretaken, og at ein får hjelp til å meistre eigen livssituasjon” blir nedprioritert. Det er ikkje gjennomført brukarundersøking og medarbeidarundersøking i 2009, slik planen var.

St. melding nr. 41 er framleis ikkje vedteken, men den varsla samhandlingsreforma har vore eit gjentakande tema i ulike fora i 2009. På mange måtar opplever kommunen at det over tid har skjedd ei forskyving av ansvaret for helse og omsorgstenestene, frå spesialisthelsetenesta til kommunehelsetenesta, uavhengig av den varsla reforma. Dette har medført eit stort press på tenestene og eit stadig auka kompetansebehov. Pasientar med kompliserte sjukdomsbilde, som krev stor ressursinnsats er ei utfordring, både innan psykisk helse og innan pleie- og omsorg i kommunen.

Det er likevel grunn til å forvente at kommunen kjem til å oppleve utvikling og vekst som fylgje av St. melding nr. 41, både når det gjeld økonomi og kompetanse. Samhandlingsreforma, slik den er signalisert, inneber styrking av primærhelsetenesta og fleire arbeidsplassar i kommunen.

Stort press på sjukeheimspllassar gjer at kommunen bør sei opp avtala med Sykehuset Telemark/dialyseavdelinga, og tilbakestile arealet til sjukeheimspllassar når avtaleperioden med Sykehuset Telemark går ut (01.12.12.).

I tillegg til behov for institusjonspllassar er det også behov for fleire bustader, både til eldre/vaksne hjelpekrengjande, og til funksjonshemma ungdom som snart skal flytte heimanfrå. Behovet for dagtilbod er også aukande, særleg gjeld dette yngre demente. Eit dagtilbod til denne gruppa vil gje avlastning til pårørande, og utsetje behovet for institusjonsplass.

8 Programområde 4 – Kultur og næring

8.1 ORGANISERING OG ANSVARSTILHØVE

Programområde 4 omfattar næringskontoret, kulturkontoret og biblioteket. Alle er direkte underlagt rådmannen.

Programområdet dekkjer følgjande områder: Landbruk, utmark, vilt og fisk, friluftsliv, generelt næringsarbeid med handel, service og industri, kultur, bibliotek og symjehall.

Politiske saker som gjeld kultursaker, næringssaker, viltforvaltning og løyvesaker blir behandla i kultur- og næringssutvalet. Saker som gjeld landbruk (konsesjonssaker, delingssaker, saker etter jordlova, skoglova og odelslova) blir behandla i plan, miljø og teknisk utval.

8.2 NÆRINGSKONTORET

Ansvarsområde:

- Næringssaker
- Landbruksaker
- Jord- og konsesjonsbehandling
- Miljø og naturforvaltning

Plan, miljø og teknisk utval handsamar konsesjons- og delingssaker, medan kultur- og næringssutvalet er ansvarleg for saker som gjeld kultur- og næringssaker.

Personell:

Plan- og næringssjef i 100 % stilling. Arbeidsområde er næringsarbeid og overordna planar. I planarbeidet er det tett samarbeid med teknisk avdeling.

Skogbruksjef i 100 % stilling. Arbeidsområde er landbruksforvaltning, landbruksrelatert næringssutvikling, viltforvalting og miljøforvaltning.

Saksbehandlar i 60 % stilling. Arbeidsområde er produksjonstilskot, velferdsordningane og arkiv.

NÆRINGSARBEID:

Gjeld ansvar 410 næring med tenestene:

3250 - Tilrettelegging/støtte næringslivet – Næringssjef

3252 - Tilrettelegging/støtte næringslivet – Andre tiltak

3350 – Rekreasjon i tettstad (stadutviklingsprosjektet ”Seljord & Sogene”)

3360 - Naturforvaltning, friluftsliv – Andre tiltak (Klima- og energiplan for Seljord kommune)

Strategisk næringsplan 2009 – 2012.

Plan- og næringssjef brukar aktivt strategisk næringsplan som styringsverktøy i sitt arbeid i tillegg til kommuneplan. Omtale resultatmål i strategisk næringsplan 2009 - 2012:

1. Samla tal på arbeidsplassar i privat næringsliv skal auke med 45 i planperioden; frå 855 til 900 (2008 tal). Tal for 2009 kjem ikkje før juni 2010.
2. Netto innflytting frå andre delar av landet skal vere på ein prosent i planperioden. Innbyggjartal per 01.01.2008 var på 2.930. Per 31.12.2009 er innbyggjartalet på 2. 966. Det vil seie at me så langt har auke på 1,22 %.
3. Det skal til ein kvar tid vere 30 tilgjengelege byggeklare bustadtomter. Minimum 50 % skal vere sentrumsnære bustadtomter. Per 31.12. 2009 var det 19 byggeklare kommunaleigde tomter i kommunen (i Flatdal og Seljord).
4. Seljord kommune skal registrere talet på bustadar pr år (talet på bustader per 01.01.09 er 1 268). Det har vore svært liten bevegelse i 2009. Talet per 31.12.09 er 1.270.
5. Seljord kommune skal registrere talet på nye verksemder pr år (verksemder pr 01.01.09 er 625). I løpet av 2009 var det 29 nyregistreringar. Talet på bedrifter per 31.12.09 er 651, dvs at 3 verksemder opphøyrte/gjekk konkurs.
6. Seljord kommune skal auke eiga marknadsdel i Telemark fylke på overnatting innan camping og hyttegrender på 1 % i planperioden (i 2008 var talet 35 140). Talet per 31.12.2009 er 25.105. Marknadsdelen til kommunen har gått ned med 3,5 % i løpet av 2009.

Saker og tiltak utført i 2009 i høve til vedteke budsjett og andre vedtak i løpet av året:

Rekneskapet 2009 viser eit underforbruk på kr. 70.000 i høve til justert budsjett for 2009. Årsaka er at fleire av tenesteområda ikkje vert lagt inn med detaljert budsjett. Mange av arbeidsoppgåvene som høyrer heime under ansvar 410 er prosjektorienterte og vanskelege å budsjettere på førehand

- **Teneste 3250 og 3252** er i samsvar med budsjettet.

Det har gjennom året blitt løyvd tilskot til næringsføremål dekt av næringsfond I:

Pilgrimsvegen	7 500,00
Velkomstmapper til nye innbyggjarar (Bring)	12 000,00
Rydding siktlinjer rundt Seljord vatnet	40 000,00
IT4You	60 000,00
Døves media produksjon – Barne TV – NRK ”Ormen i Vatnet”	50 000,00
Rastepllass – Venåsvegen	10 000,00
Tilskot til næringsaktivitet i Åmotsdal – Frode Dyrland (ikkje utbet.)	37 500,00
Delfinansiering av prosjektet ”Stiftinga Nasjonalt Landstadsenter 09-11”	25 000,00
Åmotsdal Bygdeutvikling	180 000,00
Seljord Hotell AS – bidrag til marknadsføring	140 000,00
Seljord Røde Kors - jubileumsbok	20 000,00
Vest-Telemark Hytteservice - etablerarstipend	21 500,00
Telemarkana Studios - etableringstilskot	10 000,00
Seljordutstillinga Dyrsku`n – oppføring av låvebru	50 000,00
Bø vidg. Skule – hybelprosjekt (løyvd administrativt)	5 000,00
Sentrumsflagg med kommunevåpen (løyvd administrativt)	8 025,00

Teneste 3350 gjeld stadutviklingsprosjektet "Seljord & Sogene".

"Seljord & Sogene" er eit heilskaplege bygdeutviklingsprosjekt der fysisk tilrettelegging og kunst, kultur og opplevelingar vert bruka aktivt inn som eit strategisk verkemiddel i stadutviklinga. Prosjektet er bygd opp med ei rekkje delprosjekt som alle verkar saman mot eit felles mål. Delprosjekta har konkrete tiltak som skal sjåast i samanheng med kvarandre. Prosess, samarbeid og felles lyft med langsiktig tenking er metoden som vert bruka for å nå målet om å gje Seljord til ein betre stad å bu, besøke og drive næring i.

Prosjektgruppa arbeider aktivt med tiltak i samsvar med prosjektplanen vedtatt i kommunestyret 24.04.2008, sak 16/08. Nokon justeringar har det blitt undervegs i høve til opphavlege plan; justeringane er godkjent av styringsgruppa.

Driftsrekneskapet 2009 viser at utgiftssida er på kr. 1.513.979 eks mva. Inklusiv mva på kr. 272.890 vert totalsum kr 1.786.870. Prosjektkostnader som er ført under teneste 3350 er i sin heilskap eksternt finansiert (Seljord Næringslag, Statens Landbruksforvaltning, Kommunal- og regionaldepartementet (KRD), arkitektkontoret RintalaEggertsson, NABA (universitet i Italia), Høgskolen i Østfold og eigendel frå studentar som deltok i workshop "Into the landscape").

Kva har Seljord fått tilbake for innsatsen i 2009? (Alle tal er ført opp eks. mva.)

- Nettsida/webforumet "www.seljordogsogene.no". På nettsida er det lagt ut mange lokale soger, vitneobservasjonar, kulturminne, utkikkspunkt og møteplassar, filmopptak og bilete knytt opp mot digitalt kart. Det er også lagt ut tur-/sogekart. Det er bruk kr. 230.000 til å bygge opp sida med innhald.
- God PR og marknadsføring av Seljord (VTB, TA, Varden, Nationen, Aftenposten, NRK, Radio Norge, KRD sine nettportalar og ulike tidsskrifter). Det er bruk kr. 42.000 til marknadsføring og info-avis som vart distribuert til alle husstandane i kommunen via posten i mai.
- Det er bruk kr. 220.000 gjennom året til prosjektkostnader; merkantile tenester, honorar, møter, mat osb.

Delprosjekt J "Sjøormen og Vatnet"

- I løpet av året 2009 er det bygd tre temporære kunstinstallasjonar langs Seljordsvatnet. Installasjonane er teikna av dei internasjonale kjente arkitektane Rintala og Eggertsson, og vart bygd i løpet av 10 dagar av 40 studentar frå meir enn 15 land. Denne workshoppen heiter "Into the landscape" og var eit samhandlingsprosjekt med mange aktørar, alt frå KRD si økonomiske støtte til pensjonisten/ungdomen som jobba dugnad. "Into the landscape" har fått mykje medieoppmerksemd. Seljord har no tre attraksjonar av stor verdi for turistnæringane og for innbyggjarane i kommunen som turmål/utkikkspunkt. Planleggingsarbeidet av workshoppen er arbeidd med sidan 2008 og har kravd betydelege ressursar. Det er bruk omlag kr. 700.000 på prosjektet som er finansiert ved støtte frå KRD, NABA, høgskulen i Østfold og eigendel frå studentane som deltok.

Delprosjekt L "Tverrkunstnariske Seljord"

- 26. juni (nattopfredagen) opna me offisielt ny opprusta del av Ingrid Slettens veg. I det høve hadde me underhaldning og takka alle samarbeidspartnarar med blomar og tale. Dette opplegget er filma og ligg på nettsida. Arrangementskostnader var på kr. 52.000.
-

Delprosjekt H ”Bjørgeøyane”

- I dette prosjektet er me framleis i planleggingsfasen. Kostnader i høve prosjektet er nytta på planarbeid og møter med grunneigarar og offisielle instansar med mål om å bygge utkikkstårn, fullføre turvegen, bygge gangbru over Vallaråi og skape gjennomstrøyming av vatn (stoppe gjengroing). Det er brukar kr. 30.000 til arbeidet.

Delprosjekt ”Siktlinjer”

- Etter mange innspel om at det ”gror igjen” rundt Seljordsvatnet; vart det sett i gang eit ryddeprosjekt. Prosjektet har vore vellukka; mange gode kommentarar har kome frå mange ulike hald. Prosjektet har ein kostnad på kr. 200.000.

Delprosjekt B ”Formidling, skilting og møblering”

